



Arne Kjeilen
Vikavegen 48
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3279 - 14/8133

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
04.04.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 51/2 Seljelid - bustad

Teknisk drift syner til brev motteke 02.04.2014 vedkommande søknad om avkjørsle for 2 bustadeiningar – gbnr 51/2 – Vikavegen, Hundvin.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle for inntil 2 bustadeiningar på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no
- Avkjørsle skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart datert 06.03.14.

Vi gjer merksam på at opparbeiding av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Teknisk drift gjer merksam på at det kan ligge kablar i veg/veggrøft som kan verte berørt av arbeidet. Før oppstart av arbeid må ein ta kontakt med Gravemelding.oslo@geomatikk.no og gravemelding@bkk.no for påvisning av eventuelle kablar i veg/veggrøft.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentleg veg» at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolande om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Arne Kjeilen

Vikavegen 48 5956

HUNDVIN